




# Høyanger vgs. Vestland fylkeskommune



Høyanger vgs.  
Vestland fylkeskommune



# Velkommen til oss!

Høyanger vgs er ein inkluderande skule som tar vare på alle! 100% av elevane yrkesfag får læreplass når dei har bestått Vg2. Det er eit resultat av godt samarbeid mellom skule, kommune og næringsliv. Elevane på studiespesialiserande kan velje programfag innan realfag, språk og samfunnsfag. Alle får god oppfølging for å lukkast!

Alle elevar ved skulen får tilbod om å reise til utlandet! Yrkesfag reiser kvart år til Danmark, og elevane på Vg2 STSP har språktur til Skottland, samt ny utlandstur på Vg3. Innsikt og kunnskap om oss sjølv og verda er viktigare enn nokon gang!

Nye utdanningstilbod ved skulen 2024-25 er Vg2 Kjemiprosess-og laboriefag! Dette er kompetanse som er sterkt etterspurt! Elevane vil få delar av opplæringa i industrilokalet på Hjetland! Nytt er også tilbod om toppidrett for elevar både på yrkesfag og studiespesialiserande på alle trinn!

Først ut er fotball der det blir mulig å trene i skuletida!

Velkommen som elev ved Høyanger vgs!

*Astrid S. Råsberg*  
- rektor

# Elektro og datateknologi

Vg1 Elektro og datateknologi

Vg2 Elenergi og ekom

*Er du nøyaktig og systematisk?  
Praktisk anlagt med eit godt handlag?*

Anna Strandos Måredal (17)

Høyanger

Vg2 Elenergi og ekom

"Grunnen til at eg valte å gå elektro på Høyanger vgs, er fordi eg hadde høyrte mykje bra om den linja her og elektro-faget var noko eg syntest var spennandes. Det er fint å ha ein skule i nærområdet, dette gjer at eg kan bu heime. Elektrolinja ved Høyanger vgs er ei bra linje, der ein lærer mykje nyttig om elektro-faget. Eg sjølv føler eg har fått eit bra utgangspunkt for vidare utdanning.

Fellesskapet på Høyanger vgs er også veldig bra. Alle er med alle uavhengig av kjønn, klasse og alder. Dette trur eg er ekstremt viktig for å trivest på ein skule. Eg trivast i alle fall svært godt på Høyanger vgs."



# Teknologi- og industrifag

Vg1 Teknologi- og industrifag

Vg2 Kjemi- og laboratoriefag

Vg2 Industriteknologi

*Er du praktisk anlagt med godt håndlag?  
Sjølvtendig, nøyaktig og interessert i ny  
teknologi?*



Jan Leander Larsen (18)

Høyanger

Lærling Hydro

"Høyanger VGs er ein fantastisk skule med eit svært godt samhold og miljø. Viss ein har lyst å gå på ein skule for å utvikle seg og lære, er Høyanger det rette valet. Skulen har ufatteleg gode lærarar som heile tida gjer sitt beste for at du skal ha det bra. Det å gå Teknologi- og industrifag i Høyanger i to år var helt fantastisk for både meg og læringa mi. Lærarane er alltid svært opptekne av at vi alle skal lære og utvikle oss. Samt vert det alltid sørga for at vi trivest. Derfor vil eg anbefale Høyanger VGS til alle!"

# Helse- og oppvekstfag

Vg1 Helse- og oppvekstfag

Vg2 Helsearbeidarfag

*Er du omsorgsfull og hensynsfull  
overfor menneske?  
Flink til å kommunisere  
og god til å samhandle med andre?*

**Alexandra Bergstrøm Fossheim (16)**

Høyanger

Vg1 Helse- og oppvekstfag

*"Eg valte å gå helse- og oppvekstfag på Høyanger vidaregåande skule fordi eg har budd her heile livet og er trygg på plassen. På skulen har vi eit veldig nært miljø, der alle kjenner alle. Klassemiljøet på helse vil eg si er veldig bra. Vi lærer i lag og løfter kvarandre opp. Eg trivest veldig her på skulen og får verkeleg ein følelse av tilhørigheit."*



# Påbygg

Vg3 Påbygg  
Vg4 Påbygg – etter fullført yrkeskompetanse  
(med eller utan fagbrev)

*Har du generell studiekompetanse, kan du søke opptak til dei fleste studie ved universitet og høyskular*



Lene Sæhl Målsnes (18)  
Balestrand  
Vg3 Påbygg

"Eg valte å gå påbygg for å få generell studiekompetanse og kunne ha fleire moglegheiter etter vidaregåande. Eg søkte meg til Høyanger vgs fordi både mamma og brødrene mine gjekk her, og eg har høyrte mykje bra om skulen. Eg vil verkeleg anbefale Høyanger vgs til alle. Her er det et godt miljø, og sidan skulen er så liten er alle venner med alle. Lærarane er flinke og ser alle elevane."

# Studiespesialisering

VG1 - Fellesfag

VG2 - Realfag, språk, samfunnsfag og økonomi

VG3 - Realfag, språk, samfunnsfag og økonomi

*Dette er eit smart val for deg som ønskjer å studere vidare på universitet og høgskular. Vi kan gi deg både generell og spesiell studiekompetanse.*

Vilja Kamonen Stølen (17)

Høyanger

Vg2 Studiespesialiserande

Eg valte HVGS fordi da kan eg bu heime, eg kjenner alle og det er en liten fin skule der alle blir inkludert. Det er ingen press med russegrupper eller buss, noko som er veldig betryggande. Vi får også delta i internasjonale prosjekt som Erasmus+ i tillegg til andre moglegheiter for å reise på tur og oppleve verden.

Eg valte å gå studiespesialiserande fordi det gir meg mange moglegheiter etter VGS, noko som er veldig bra for meg som er litt usikker på kva eg vil bli. Men eg har alltid hatt lyst å studere vidare og få ei høgare utdanning etter vgs.



# Toppidrett



*Even Hovland*



*Siri Nordeide Grønli*

IL Høyang og Høyanger vgs samarbeider om tilby toppidrett fotball frå skuleåret 2024-25. Fleire tilbod kan komme til seinare. Elevane på yrkesfag og studiespesialiserande vil vere i same treningsgruppe. Dette er eit heilt nytt tilbod for elevane på Yrkesfag, og svært få skular i Norge tilbyr dette. Elevane på vel sjølve om dei vil ha karakter i faget. Det vert lagt opp til morgontrening to dagar i veka, og ei lengre økt på fredagar. Dyktige trenarar med idrettsutdanning og erfaring frå Sogndal og Stabæk vil sørge for progresjon i utviklinga di!

To av dei som har tatt steget ut i nasjonal og internasjonal fotball frå IL Høyang sitt fotballmiljø er Siri Nordeide Grønli og Even Hovland.

Opningstider resepsjon/administrasjon:  
Måndag - fredag kl. 07:30 - 15:30  
Sentralbord: 57 63 78 00  
E-post: [posthoyv@vlfk.no](mailto:posthoyv@vlfk.no)

Besøks- og leveringsadresse:  
Høyanger vidaregåande skule  
Einar Førdes veg 1  
6993 Høyanger

Postadresse (brev):  
Høyanger vidaregåande skule  
Postboks 249  
6991 Høyanger